

Morten til topps på Ama Dablam

19.10.2011



Ama Dablam - eitt av verdas vakraste!

Morten Nilsen, som er drivar av Systrene Nilsen, har nådd eit nytt mål som fjellklatrar. I dag har han vore til topps på Ama Dablam i Nepal, som mange meiner er verdas vakraste fjell,

I ei melding til
uskedalen.no skriv han at han besteg Ama Dablam i dag kl 11.30
og at utsikten var fantastisk.



Aconcagua, der Morten også har vore på toppen

Han legg til at han er 'veldig fornøyd med å ha besteget ein av verdens finaste toppar og som i tillegg er teknisk vanskeleg'.

Så ber han oss helsa til alle!

Dette fjellet er rett nok 'berre' 6856 meter og tidlegare har Morten vore på Aconcagua som er 6962 meter og er den høgaste toppen utanom Himalaya.

Men Ama Dablam ligg ikkje så langt etter Mount Everest når det gjeld dei utfodringane klatrarane møter undervegs. Det er eit teknisk fjell, med ein kombinasjon av fjell- og isklattring.

Dessuten er det svært vakkert og blir kalt Himalayas Matterhorn. Saman med Morten under denne ekspedisjonen er mellom andre Pasang Sherpa, som var i Uskedalen ein stor del av sommaren 2011 og jobba på Systrene Nilsen. Han og familien hans driv turistverksemd i nærleiken av Ama Dablam.

Av Ola Matti Mathisen



Morten og Pasang Sherpa i Uskedalen i sommar (Foto: Ola Matti Mathisen)